

26.08.2009

Festidalen er Uskedalsutvikling



Dei frivillige samla til orientering. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er med rette personane bak Festidalen får mykje skryt for førebuing, organisering og gjennomføring av det store arrangementet i Uskedalen. I sitt slag må ein gå langt for å finna maken, skriv Torfinn Myklebust. Han held fram:**

No to veker etter kan det vera moro å sjå litt på kva arrangementet har hatt å seia for Uskedalen. Eg vil ikkje vera så oppteken av sjølv tilskipinga, som lokalmedianene dekka med rosande ord, men kva dette betyr for Uskedalen. For det kan ikkje vera tvil om at dette skapar ringar og er næringsutvikling for bygda. Næringsutvikling var også det utløysande ordet for at Festidalen kunne få stønad frå Næringsfondet i kommunen.

### Fremjing av næringslivet

Korleis har så dette arrangementet skapt gnist og fremjing av næringslivet?

I lang tid har Festidalenstyret førebudd dette. Representantane der har forstått kva som måtte til for å skapa blest om tilskipinga, og få folk til å bestemma seg for å seia til Uskedalen den helga.

Nemnda marknadsførte arrangementet og såleis Uskedalen gjennom ulike arrangement i Stavanger og Bergen, stadig drypp i aviser, systematisk oppsetjing av plakatar rundt om i fylket, intervju og jamnlege annonsar i nett- og papiraviser.

Alt dette førde mange folk til tilskipinga, men også til Uskedalen: Festidalen var på ungdommar og vaksnes lepper. Dei ville til Uskedalen. Og mange vil koma igjen seiare utfrå at dei har hatt ei positiv og fleire opplevingar i bygda.

### Vi kjem igjen!

For nokon var det kanskje for første gong, som han som låg med båt i båthamna sa då han reiste på mandagen: Vi er i Uskedalen for første gong, men dette var kjekt - både arrangementet, men det er også ei strålende bygd. Vi kjem heilt sikkert tilbake til dalen.

Svært mange la att mykje pengar på arrangementet, men når det er snakk om næringsutvikling, er det kva folk som kjem til Festidalen legg att ved å bu på campingplassane, båthamnene, andre overnattingsplassar og kjøpa daglegvarer, øl, blomar, bensin og anna, ja, i det heile nyttta seg av tilboda Uskedalen har. Så vidt eg forstår er næringslivet godt nøgd med helga. Mange næringsdrivarar har ytt sitt til arrangementet, men også sett nye kroner nulla inn i kassen.

### **Utabygdarar**

Og for å sjå på noko av det eneståande her, er at dei som står i spissen for dette arrangementet, som dei har valt å leggja i Uskedalen, er to utflytta uskedelingar og nokre frå Husnes-området. Musikken og gleda med den og få til noko for folk er sikkert ei stor drivkraft.

Eg vel dessutan å tru at sidan dette er i Uskedalen og midt i kommunen, men tilskiparane har også ei gleda av at det akkurat er der. Uskedelingar og folk frå andre bygder har dessutan sluttat bra opp om dei ulike dugnadsgjeremåla som må til for å få det heile så vellukka i hamn. Godt jobba også av dei.

Uskedalen og Uskedals næringsliv må vera stor takk for dei som rotfesta ideen om Festidalen i Uskedalen!! Og set pris på det! Her må uskedalsglede gjevast uttrykk overfor dei som er eldsjeler!

For kanskje kjem folk igjen seinare igjen til Festidalen og elles til bygda og tilboda der.

*Torfinn Myklebust*